

# ÅRSMELDING FOR GRANSHERAD KYRKJELYD 2020

## Soknerådets samansetning

Rune Lia - sokneprest

Ellen-Mari Bolkesjø Brandt – leder, fellesrådet, diakoniutvalget

Bjørge Anni Finnekåsa – misjonskontakt, diakoniutvalget, fellesrådet

Kjell Aasland – sekretær, diakoniutvalget

Jan Otto Pedersen – presseansvarlig, diakoniutvalget

Aslaug Flugon – diakoniutvalget

Toralf Bratterud – diakoniutvalget, festkomite

Astrid Helleberg – diakoniutvalget, festkomite

Torild Nisi – diakoniutvalget

Soknerådet hadde 8 møte og handsama 71 saker i 2020. Summeravslutninga var dette året på hytta til Kjell Aasland. Det var eit felles møte for alle sokna i kommunen som Fellesrådet inviterte til. Soknerådet har to medlemmer i Fellesrådet og er representert i Administrasjonsutvalget, Forhandlingsutvalget og i komiteen for Notodden Gravlund.

## Ansatte gjennom fellesrådet

Anita Cumbes Pedersen – kyrkjetenar,

Julian Isaacs – kantor, Sylke Feldhusen – kantor, Anne Vik – organist

## Generelt om året 2020

Pandemien, korona, covid-19, sette sitt preg på året og det vart mange samlingar og gudsteneste avlyst eller avvikla med store begrensingar, spesielt på våren og i desember. Sosiale media vart bruka meir aktivt.

Det var 0 innmelding, 3 utmeldingar. Det var 4 dåpshandlingar i kyrkja i tillegg vart 3 barn døypt i Heddal, alle 7 dåpsbarna bur i soknet. Det var 5 konfirmantar i 2020 på grunn av pandemien vart konfirmasjonen flytta til september. Av same årsak vart sommarleiren utsett for dei 7 nye konfirmantane for 2021 og oppstarten utsett til oktober. Det var ingen kyrkjelege vigslar i 2020. Det var 9 gravferder. Det er halde 11 gudstenester på søn- og helgedagar og 1 gudstenestar utanom, totalt 12 gudstenester i soknet. Det var 0 gudstenester med nattverd, 1 eiga dåpsgudsteneste i august, 1 barnehagegudsteneste i adventstida og 2 gudstenester retta mot barn og familie. Det var 6 avlyste gudstenester på grunn av pandemien. Totalt hadde gudstenestene 522 deltakarar, som gir eit gjennomsnitt på litt over 40 for kvar gudsteneste. Om vi ikkje reknar med barnehagegudstenesta og dåpsgudstenesta, var det 471 deltakarar og nære 43 personar per gudsteneste i gjennomsnitt.

Om lag annakvar tysdag er det andakt på bygdeheimen. Dette fekk ein brå slutt da pandemien kom og vart ikkje teke opp att i 2020.

Rune Lia er sokneprest og har plass i soknerådet i Gransherad. Anne Berit Sunde er spesialprest, med særleg fokus på konfirmant- og trusopplæringsarbeid. Begge prestar har gudstenester og kyrkjelege handlingar fordelt etter planer.

## Diverse tilstellingar gjennom året

Vi har hatt kyrkjekaffi etter gudstenesta ca. ein gong i månaden.

Vi hadde juletreff i kyrkja i januar der Sauland barnegospel besøkte oss og fylte kyrkja med song. På karnevalsgudstenesta fekk vi besøk av Soul Children som dansa og song for oss.

Dugnaden på kyrkjegarden var det som vanleg god oppslutning om, vi avslutta dugnaden med kaffi og kaker i sakristiet der praten gjekk lett, det var ein hyggeleg kveld.

Gudstenesta på Tjonebakken vart avlyst men vi deltok saman med lisleheringane i Lisleherad kyrkje, Halvor Lie og Jan Mjellekås frå Gransherad deltok med musikk.

Vi feira gudsteneste utanom kyrkjebygget på Vik gard siste helga i august. Det var mange som fann turen og vi fekk ein fin dag saman. Tone Anne og Gunn Ingrid Tveiten song og spelte for oss. Etter gudstenesta fortalte Anne og Halvor Holta om garden og det var kyrkjekaffi. Det blei fint ver, godt oppmøte og triveleg prat.

Andre helga i september arrangerte kyrkjelyden Folketonemesse. Sigmund Groven og Gunnulf Sletta spelte og det var gledeleg å sjå så mykje folk. Gudstenesta vart flytta til Heddal Låvekyrkje på grunn av plassbegrensingar i Gransherad kyrkje. Dette håpar vi kan bli ein fin tradisjon vidare.

26. september fekk vi endeleg gjennomført konfirmasjon i kyrkja, der familiane fekk ha med seg gjestene sine. Rønnaug Rauk Sundling song for dei framømte.

Vi hadde Allehelgenssøndag (Helgemess) i kyrkja i år også, med lystenning og invitasjon av pårørande. Ljosmessa vart flott og stemningsfullt gjennomført av konfirmantane. Etterpå gjekk vi over brua og blei med i tenninga av julegrana. Vi samarbeide med Husflidslaget om annonse. På julaftan sang og spelte Gunn Ingrid for dei få påmeldte som fekk plass i kyrkja.

### Trusopplæring

Pandemien ramma også trusopplæringsarbeidet, frå midten av mars og til juni var det meste av kontakten digital. Som tidlegare år har det meste av trusopplæringa vore knytt til gudstenester, nokre har fått god oppslutnad andre har det kome få eller ingen på. Alle arrangement har skrifteleg invitasjon. Medlemmer i rådet har stilt villig opp med hjelp, med kaker, tid og deltaking både før, under og etter opplegga, takk til alle som gjer gjennomføringane moglege.

Julefestgudstenesta tidleg i januar var ein positiv kveld med nokre glade barn og vaksne. Lys vaken som vi har arrangert saman med Lisleherad sokn, med totalt 5 barn der 2 kom frå vårt sokn. På karnevalsgudstenesta i februar var konfirmantane og våre unge leiarar med og pynta kyrkja og deltok i gudstenesta. På hausten hadde vi ikkje familiegudstenester men 4-åringane fekk bokpakke levert i postkassa si.

Søndagsskulen har ikkje hatt samlingar dette året.

Konfirmantane hadde felles oppstartshelg saman med Notodden og Lisleherad sokn i oktober og har hatt fleire samlingar i sakristiet, men også fleire avlysingar av arrangement dessverre.

Dette året har vi heile 7 unge leiarar i vår kyrkjelyd som følger leiarkurset i Ønsket og elsket saman med unge frå andre kyrkjelydar i prostiet. Frå hausten 20 er det 2 nye som startar leiarkurs og 3 som held fram i andre og tredje året som leiarar. Sjølv sagt har mykje av 2020 vore prega av pandemien med avlysningar og endringar, men nokre samlingar i prostiet har det vore.

### Diakoni og misjon

Dei som sit i diakoniutvalet sørgjer for at vi gir blomstergåve til etterlatne som bur i bygdene våre. Den årlege fasteaksjonen der konfirmantane er sentrale er også ein del av vår diakoni.

Vi samarbeider med Stefanusalliansen og støtter Mamma Maggies arbeid for barn som lever på søppelfyllingane i Kairo, Egypt. Dette gjer vi gjennom faste ofringar igjennom året på gudstenestene og ved å spreie informasjon om Stefanusbarna på søndagsskulen og i andre samanhengar der det passar inn. I 2020 sendte vi 3692 kr til misjonsprosjektet.

### Fasteaksjon

I 2020 vart det samla inn 4436 kroner til Kirkens nødhjelp. Takk for innsats på digital innsamling til både konfirmantar, foreldre, sokneråd og gjevarar.

Ellen-Mari B. Bolkesjø, leiar